

## Referat styremøte i Sunnfjord Kajakklubb 17. mars 2013

---

Stad: Hos Øyvind i Erdalsdalen

Frammøtte: Øyvind, Guttorm og Rune

### Sak 1 – Juniorsatsinga

- Øyvind har sendt søknad om støtte til Sparebankstiftinga pålydande kr. 30.000.
- Forbundet har fått 2,5 million kroner frå Sparebanken Nor til stimuleringstiltak for barn og ungdom. Dei støttar oppretting av juniorgruppe og har sagt seg positive til å støtte oss. Støtte frå dei kjem i form av aktuelt utstyr, ikkje reine kroner.
- Øyvind sjekkar med forbundet ka utstyr dei kan støtte oss med og så hentar vi inn tilbod på utstyr det er aktuelt å kjøpe sjølv.
- Guttorm sjekkar ka som kan vere aktuelt å kjøpe av lettbåt med påhengsmotor.

### Sak 2 – Turar og terminliste

Vi snakka om å legge egne og andre klubbar sine aktivitetar ut på heimesida. Også aktuelle turløp kan vi legge inn. Førebels er fylgjande bestemt:

- Juniorgruppa skal ha utetrening på måndagane
- Turgruppa har lagt opp til fylgjande turar:
  - > 31. mai til 2 juni- Hyllestad- Storakersundet, teltovernatting
  - > 23 til 25. august- Svanøya, overnatting hytte/telt
  - > 20 til 22. september – Bulandet, overnatting i hytte

### Sak 3 – Turløp, kan vi arrangere det?

Øyvind lufta det å arrangere eit turløp i Førde-området. Han foreslo løken ved Tangen (vest for kommunehuset/Møbelringen) som start og målområde. Dette er ein god plass for å få litt merksemd kring løpet. Juniorgruppa og turgruppa kan kanskje gå saman om å planlegge eit slikt løp. Kanskje Florø-gruppa kan arrangere eit fylkesmeisterskap i havpadling?

### Sak 4 – Kan vi få besøk frå Padleforbundet?

NPF verkar vere svært interessert i å støtte oss med kurs og personleg hjelp i samband med oppstart av juniorgruppe. Det vil bli arrangert regionsamlingar for klubbar som ynskjer å søke om utstyr. Rune tar kontakt med padleklubbane i Askvoll og på Sandane for å prøve å få til ei samling i vårt distrikt.

### Sak 5 – Kursverksemd framover.

Førebels har vi fylgjande om kursing:

- > Ina med fleire arrangerer introkurs. I vår blir det delvis i symjehallen og dels i sjøen ved naustet.
- > Ina vil arrangere grunnkurs i havpadling
- > Lars Bjarte Osland vil bli leigd inn som instruktør for teknikkurs

I fjor støtta klubben kvar deltakar som tok grunnkurs og teknikkurs med kr. 1000 pr. person. Vi vil nok støtte kursdeltakarane i år og, men ikkje med så mykje. Kr. 500 blei nemnt som eit aktuelt beløp.

### Sak 6 – Ymse

- Vi gjer alvor av å prøve å få lagt vatn bort til naustet frå den næraste piren til båtklubben. Rune tar kontakt med båtklubben.
- Rune skal og få ein nøkkel til pirdøra så ein kjem til plenklipparen som står der.
- Neste møte blir torsdag 4. april

Skrivar: Rune